

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

PELAGISK FORENING SITT HØYRINGSSVAR FISKERILØYVE OG KVOTEFAKTORAR

Pelagisk Forening viser til høyringsnotat av 12.10.21.

Innleiing

Pelagisk Forening stiller spørsmål ved om alt i høyringa medfører forenkling.

Pelagisk Forening er òg i mot samanslåinga av gruppene pelagisk trål og ringnot. Me konstaterer at samanslåing er bestemt, og at høyringa handlar om detaljar i sjølve samanslåinga.

Pelagisk Forening vil peika på at det føl av Stortinget sitt vedtak at strukturvins-
tar, frå pelagisk trål skal gå tilbake til båtane i denne gruppa, og at strukturvins-
tar frå ringnotgruppa skal gå tilbake til båtane frå ringnotgruppa. I høyringsno-
tatet synest det som om direktoratet meiner at det ikkje er mogeleg å følge Stor-
tinget si avgjer dersom desse gruppene blir slått saman. Samanslåing må difor
ikkje skje.

Generelt er Pelagisk Forening tilhengar av enkelt regelverk, men det er òg vik-
tig med stabile rammevilkår.

Me ser at målet med samanslåing sjølvsagt er like vilkår for alle i nye grupper.
Der det vil vera vanskeleg, eller medføra verre tilhøve for somme fiskarar bør
ikkje samanslåing skje.

Pelagisk Forening er sterk i mot at eventuell samanslåing medfører innskren-
kingar i val av reiskap. Dette spesielt forslag om å fjerna unntaket for krav om
sorteringsrist ved bruk av småmaska trål for fartøy som er eigna, utrusta og be-
manna til å ta vare på kvitfisk. Me vil påpeika at fleire av desse båtane har eigne
kvotar på sei, og har lykkast i å kombinera to marginale fiskeri til eit lønsamt
fiskeri.

Manglande konsekvensutgreiingar

Pelagisk Forening meiner at Stortinget sitt vedtak om grundige konsekvensut-
greiingar må takast til følge. Diverre er ikkje denne etterkome i tilstrekkeleg

grad. Me vil òg peika på at Riksrevisjonen sin kritikk av fiskerimyndigheitene sine ufullstendige, eller manglande, konsekvensutgreiingar.

Dette gjeld ikkje berre manglande direkte konsekvensar for fiskarar, deira driftsgrunnlag og inntektstap som følge av somme av endringsforslaga.

Konsekvensane for landindustrien, tilsette ved landindustrien, flåtestrukturen og distrikta burde òg vore konsekvensutgreidd.

Pelagisk Forening stiller òg spørsmål ved om krava i utgreiingsinstruksen er oppfylt. M.a. synest det som om at formåla i instruksens § 1-1, om identifisering av alternative tiltak, og utgreiing av vurdering av verknadane av forslaga berre er gjort i liten grad.

Det kan òg sjå ut som om minimumskrava til utgreiing, jf. § 2-1, heller ikkje er etterlevd.

Merknadar til enkelte punkt i høyringsnotatet.

I det følgjande vil det bli forsøkt å kommentera forslaga i same rekkefølge som i høyringsnotatet. Nummer på avsnitta er dei same som i høyringsnotatet.

Tekst på bokmål er sitat frå høyringsnotatet. Tekst på nynorsk er frå Pelagisk Forening.

Forslag som gjeld fiskeri der Pelagisk Forening ikkje har medlemmar vil ikkje bli kommentert.

2.1

Pelagisk Forening har ikkje innvendingar mot at nogjeldande årlege deltakar-løyve får same rettslege innhald som nogjeldande spesielle løyve.

2.2 Driftskrav

Direktoratet skriv at «Ved overgangen til fiskeritillatelse er det naturleg at årlege deltakeradganger som i dag regnes som hoveddriftsgrunnlag i kystfiskeflåten, får et tilsvarende driftskrav som i dag gjelder for fartøy med spesiell tillatelse. Det foreslås at kravet innføres for den konvensjonelle havfiskeflåten og kystfiskeflåten i fisket etter torsk, hyse og sei samt for kystfisket etter makrell, NVG-sild, sild sør og reker sør. Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til dette.

2.4 Eigarkonsentrasjon.

Pelagisk Forening er einig i at «Kvotetaket for eierkonsentrasjon for havfiskeflåten i et nytt system, bør derfor fastsettes i forhold til totalt antall kvotefaktorer for den enkelttillatelsesgruppe i det enkelte fiskeri og tilpasses dagens nivå.» Altså bør ikkje kvotetaka bli auka, men samstundes er det viktig at ingen blir tvungen til å selja seg ned.

2.5 Konesjonskapasitet

Me er òg einige i at konsesjonskapasiteten fortsett skal vera ei grensa for kor stor fangst fartøyet kan ta om bord, og levera, per tur.

2.6 Manntalsføring

Me er einige i at endring av reglane om manntalsføring krev ei eiga konsekvensutgreiing. Dette spesielt for havfiskeflåten, der det er krav om at eigar er aktiv fiskar, men der det ikkje er krav om at vedkomande må stå på blad B i fiskermanntalet.

5 Forslag om samanslåing av løyve.

Direktoratet skriv at «Det er etter Fiskeridirektoratets oppfatning en del forutsetninger som må være oppfylt dersom noen av dagens adgangsgrupper skal slås sammen. Tillatelsene må omfatte fartøy som har sin hovedaktivitet innen samme fiskeri og de bør ha noenlunde tilsvarende regelverk knyttet til redskap og hvilke områder de kan fiske i.» Pelagisk Forening er einig i dette.

Direktoratet skriv òg at «Forhold som er ulike for de gruppene som skal slås sammen bør harmoniseres som følge av sammenslåingen. Det kan være regelverk knyttet til størrelsesbegrensning på fartøyene og kvotetak. Også regelverk knyttet til redskap og fiskeområder bør harmoniseres i den grad de ikke er identiske. En harmonisering av redskapsbruk og/eller fiskeområder må imidlertid ikke føre til en uakseptabel risiko for økt bifangst, fangst av fisk under minstemål eller andre negative miljøeffekter. Dersom det skulle oppstå behov for differensiert regelverk knyttet til for eksempel utøvelse av fisket må differensieringen være knyttet til objektive forhold som fartøystørrelse eller redskap, og ikke hvilken gruppe fartøyet tilhørte tidligere.»

Pelagisk Forening meiner at dersom det er aktuelt å innskrenka fangstområde, stramma inn bifangstreglar, og/eller fjerna unntak for krav om sorteringsrist så er det ikkje akseptabelt. Slikt må ikkje skje utan ei grundig konsekvensutgreiing. Dette handlar om levebrødet til fiskarar, og fiskarane sin rett til stabile rammevilkår.

Pelagisk Forening er enig i at «kvotefaktorer som frigjøres som følge av avkortning ved strukturering eller når tidsbegrensningene på 20/25 år inntreffer, må håndteres likt uavhengig av hvilken gruppe fartøyet tilhørte før sammenslåingen.», men berre for strukturering gjennomført etter at grupper er slått saman.

Tilbakefall av strukturkvotar frå gruppene pelagisk trål og ringnot skal gå tilbake til gruppa strukturkvotane kjem frå, jf. Stortinget sitt vedtak.

Dersom dette ikkje er mogeleg må konsekvensen vera at gruppene ikkje blir slått saman.

Pelagisk Forening har ikkje medlemmar i gruppene torsketrål og seitrål, og har difor ikkje merknadar til samanslåing av desse gruppene.

5.3 Sammenslåing av ringnot, pelagisk trål og nordsjøtrål

Pelagisk Forening vil peika på at verknadane, for flåten, ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd. Eventuell samanslåing må difor utsetjast til verknadane er konsekvensutgreidd, og sendt på ny høyring.

Pelagisk Forening meiner at den ca. halve sida i pkt. 5.3.6 «Konsekvenser ved sammenslåing av tillatelser» ikkje er ei tilstrekkeleg konsekvensutgreiing.

5.3.3 Redskapsfleksibilitet og områdebegrensning

Direktoratet skriv at «Dersom en sammenslåing skal innebære forenkling må regelverket knyttet til område- og redskapsdifferensiering i den nye tillatelsen være likt, uavhengig av hvilke tillatelser fartøyene hadde tidligere.» Pelagisk Forening er enig i dette, men vil peika på at dersom dette ikkje er mogeleg utan at enkelte fiskarar får dårlegare vilkår må ikkje samanslåing skje.

5.3.4 Kvotefleksibilitet over årsskiftet

Pelagisk Forening er enig i at «Dersom en sammenslåing skal innebære forenkling må regelverket knyttet til område- og redskapsdifferensiering i den nye tillatelsen være likt, uavhengig av hvilke tillatelser fartøyene hadde tidligere.»

Pelagisk Forening vil likevel gje uttrykk for at reglane ikkje må blir innskrenka i høve til i dag.

5.3.5 Fordeling og regulering

Direktoratet skriv at «For fiske etter nvg-sild vil sammenslåingen ikke ha noen praktisk betydning med hensyn til redskapsfleksibilitet, da fiske etter nvg-sild kan gjennomføres med både not og trål. Det er derimot et divergerende regelverk med hensyn til adgang for fiske med trål innenfor 12 nautiske mil fra

grunnlinjen (12 mila) Det er viktig med et tydelig regelverk som begrenser bifangst av hvitfisk og fisk under minstemål for alle fartøygrupper. Det bør derfor være mulig å regulere fisket med område- og redskapsdifferensiering i utøvelses- eller reguleringsforskriften. Differensieringen bør i så fall baseres på andre kriterier enn hvilken fisketillatelse fartøyet hadde før en sammenslåing.»

Pelagisk Forening er enig i at ei eventuell differensiering bør skje på anna grunnlag enn kva løyve fartøya hadde før samanslåing.

Ei eventuell samanslåing må ikkje føra til at somme får dårlegare vilkår enn dei har per i dag, men eventuelle bifangstreglar må sjølvsagt gjelda for alle fartøy i ei eventuell ny gruppa.

Pelagisk Forening er enig med Fiskeridirektoratet om at «hele den nye gruppen skal kunne fiske med trål i hele virkeområdet, begrenset til utenfor 12 mila.»

Pelagisk Forening meiner at òg at heile gruppa må få adgang til å tråla i same område som pelagisk trål har i dag.

Når det gjeld lodda kan harmonisering skje ved at prøveordninga, som gav ringnot løyve til å tråla innanfor 12-mila, blir vidareført som ei permanent ordning.

Det blir påpeikt at om ringnot får fleire område å tråla på ikkje automatisk medfører meir tråling i desse områda. Båtane er rigga som dei er, og det blir ikkje endra over natta som følge av endra reglar. Vanlegvis er det òg slik at nótfanga fisk blir betre betalt enn trålfanga fisk. Fiskarane har såleis økonomiske motiv for å bruka not.

Direktoratet skriv at «En sammenslåing vil innebære at kvoteutvekslingen mellom ringnot og trål på 0,35 % for nvg-sild og makrell må vurderes fjernet eller gjøres permanent.» Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til at ordninga blir gjort permanent.

5.3.5.2 Sild i Nordsjøen og Skagerrak

I dag har ikkje trål adgang til å fiska i Skagerrak. I høyringsnotatet står det at «Ved en sammenslåing av gruppene bør reglene om partråling endres slik at alle fartøyene i den nye gruppen kan få partråle. Videre bør alle fartøyene i den nye gruppen få adgang til å fiske sild i Skagerrak, så lenge reguleringsopplegget videreføres.» Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til forslaget om partråling, men meiner at trål ikkje bør få adgang til å fiska i Skagerrak. Dette fordi

tilgjengeleg kvantum fisk ikkje har vore tilstrekkeleg for ringnotgruppa dei siste åra.

Me ser at direktoratet ikkje ønsker å ha reglar basert på kva gruppa enkeltfartøy tilhøyrrer per i dag, men dette kan løysast ved at dagens ringnotbåtar får kvotefaktorar i Skagerrak, og trål ikkje får.

5.3.5.3 Makrell

«I reguleringsforskriften er det presisert at fartøy med makrelltråltillatelse kun kan fiske og lande makrell til konsum, noe som ikke er presisert for fartøy med ringnottillatelse. Med redskapsfleksibilitet er det ikke naturlig at det skal være forskjell og regelen bør harmoneres.» Pelagisk Forening meiner at trålgruppa bør få lov til å levera makrell både til konsum og mjøl/olja. Dette uavhengig av om gruppene blir slått saman eller ikkje.

«Etter Fiskeridirektoratets vurdering har sammenslåingen av disse reguleringsgruppene (i tillegg til at det skal være en felles kvoteenhet) i all hovedsak kvotemessige konsekvenser. Årlige overføringer/ fratrekk bør konverteres inn i de nye kvotefaktorene for den aktuelle fartøygruppen eller fjernes.» Det er uklårt for oss kva direktoratet meiner med dette. Kvotemessige endringar kan ha store negativ konsekvensar for enkeltfartøy. Konsekvensane burde bestemt vore utgreia av direktoratet. Når direktoratet meiner at samanslåing har kvotemessige konsekvensar er det òg underleg at direktoratet ikkje opplyser kva konsekvensane er.

5.3.5.4 Kolmule

«Fartøy med pelagisk tråltillatelse og nordsjøtråltillatelse har adgang til å partråle. Det har ikkje fartøy med kolmuletråltillatelse. Fartøy med kolmuletråltillatelse har adgang til å nytte slumpfiskeordningen i fisket etter kolmule, noe fartøy med pelagisk tråltillatelse og nordsjøtråltillatelse ikke har. Ved en sammenslåing bør hele gruppen ha adgang til å partråle og adgang til slumpfiskordningen, inntil denne blir erstattet av kvoteutvekslingsordningen.» Pelagisk Forening har ikkje innvendigar til dette.

Direktoratet skriv at «Etter Fiskeridirektoratets vurdering kan treffsikkerheten når det gjelder utnyttelse av soneadgangen i andre lands soner bli noe mindre i en stor gruppe versus mindre reguleringsgrupper.» Pelagisk Forening meiner at dette kan løysast ved at direktoratet føl fisket tett, og refordeler soneadgang dersom det er rom for det. Me vil òg peika på direktoratet sitt mangeårige utmerka arbeid for at norske fartøy skal få fiska heile totalkvoten av lodda i IØS.

5.3.5.5 Brisling

Pelagisk Forening er eining i at gjeldande reguleringsopplegg blir vidareført.

5.3.5.7 Lodde i Barentshavet

«Etter Fiskeridirektoratets vurdering vil konsekvensene av en sammenslåing medføre at uutnyttede kvoter, uavhengig av hvilke fartøygrupper fartøyene tidligere har tilhørt, ved en refordeling tilfaller alle fartøyene i den nye gruppen. Dersom det er behov for virkemiddel for «overvåkning», som nevnt over, vil dette måtte gjøres for alle fartøyene i gruppen. Dersom det ubenyttede kvantumet utgjør en svært liten andel av den nye gruppeknoten vil det være lite hensiktsmessig å foreta en refordeling. Treffsikkerheten vil bli noe mindre i en stor gruppe versus en mindre reguleringsgruppe.»

Samanslåing av gruppene vil altså medføre fare for at kvotar ikkje blir fiska. Dette talar mot at gruppene blir slått saman.

5.3.5.10 Øyepål

Direktoratet skriv at «En mulig konsekvens av sammenslåing av gruppene kan være at flere tillatelser blir benyttet, noe som kan medføre økt bifangst av hvitfisk og andre arter. En mulig løsning er å oppheve unntaket fra påbudet om sorteringsrist i fisket etter kolmule og øyepål i Nordsjøen.»

Pelagisk Forening er sterkt imot forslaget om å oppheve dette unntaket. Direktoratet sitt syn er ikkje grunngjeve i det heile tatt. Konsekvensane, for fiskarane, av å fjerna dette viktige unntaket er heller ikkje utgreia.

Pelagisk Forening er imot å oppheva dette unntaket.

«Oppheving av unntaket fra påbudet om sorteringsrist i fisket etter kolmule og øyepål i Nordsjøen vil bidra til å redusere uønsket bifangst av bunnfisk, men det må her i tillegg finnes løsninger for å hindre bifangst av for eksempel småsei.»

Me vil peika på at bifangst av sei over minstemål ikkje er uønska, men tvert om viktig for fartøy som er utrusta for å ta vare på seien. Det må ikkje innførast reglar som gjer dette fiskeriet vanskelegare.

5.3.6 Konsekvensar ved samanslåing av løyve og 5.3.7 Oppsummering samanslåing ringnotløyve, pelagisk trålløyve og nordsjøløyve

Direktoratet skriv at det er nokre «utfordringer» (les problem) knytta til adgang til fiskeområde. «Dette gjelder både adgang til å tråle innenfor 12 nautiske mil i fisket etter nvg-sild og lodde, og adgang til å fiske kolmule i Nordsjøen.»

Pelagisk Forening meiner at slike problem ikkje må løysast ved å innskrenke fiskemetoder eller reiskapsbruk deler av flåten har i dag.

Direktoratet skriv at «Det er identifisert noen fordelingsmessige konsekvenser av sammenslåing av tillatelsene. I dag er det kvoteutveksling mellom fartøy-grupper. Disse må fjernes eller gjøres permanent før sammenslåing av tillatelsesgruppene.»

Pelagisk Forening meiner at det burde stått i høyringsnotatet kva konsekvensar dette er. Nok ein gang er ikkje verknadane tilstrekkeleg konsekvensutgreidd.

Konsekvensen må vera at samanslåing ikkje skjer.

Direktoratet skriv òg at «Fiskeridirektoratet forutsetter vidare at adgang til langsiktig tilpasning (strukturering) må være den samme innad i gruppen.» Me er enige i dette.

Pelagisk Forening er ikkje einig i at «Kvotefaktorer som frigjøres som følge av at noverande strukturkvotefaktor utløp, må handterast likt uavhengig av kva gruppe fartøyet tilhørte før samanslåing.»

Dette er Pelagisk Forening svært usamde i, og vil peika på at Stortinget sitt vedtak seier at strukturkvotar frå pelagisk trål skal gå tilbake til denne gruppa, og strukturkvotar frå ringnot skal gå tilbake til ringnot. Dette slik gruppene var før samanslåing.

Direktoratet skriv òg at «I forbindelse med behandlingen av kvotemeldingen vedtok Stortinget at for ringnotgruppen og pelagisk trål fordeles strukturgevinsten når tidsbegrensingen inntreffer etter dagens gruppetilhørighet. Dersom det legges opp til at ikke alle fartøy i en gruppe behandles likt med hensyn til frigjorte strukturkvotefaktorer er det etter Fiskeridirektoratets mening ikke grunnlag for en sammenslåing av gruppene.

Pelagisk Forening er svært einig med direktoratet i dette.

Pelagisk Forening meiner at samanslåing av sammenslåing av ringnot-, pelagiske trål-, nordsjøtrål-, kolmuletrål-, nvg-sildtråltil-, makrelltrål-, og loddetrål-løyve ikkje må slåast saman til eit felles pelagisk havløyve.

5.4 Forslag om samanslåing/harmonisering av not og garn/snøregruppa i fisket etter makrell

«Garn/snøre og not-gruppen blir slått sammen til en tillatelsesgruppe og tillatelsen kalles makrelltillatelse - kyst. Det vil da ikke bli skilt mellom garn/snøre og not. Det vil da heller ikke bli stilt krav om at fartøyet er egnet og utrustet for henholdsvis garn/snøre eller not. Det bør være samme gruppeinndeling for alle fartøy med kystmakrelltillatelse når det gjelder utskiftning av fartøy i struktur-sammenheng og i reguleringssammenheng.»

Direktoratet seier sjølv at dei ikkje har «sett nærmere på konsekvenser av en eventuell sammenslåing nå.»

Manglande konsekvensutgreiing gjer at det er uråd å gje noko syn på etablering av eit felles makrell kystløyve, slik direktoratet ber om tilbakemelding på.

7 Overgang til faste kvotefaktorar.

Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til overgang til faste kvotefaktorar, forutsett at ingen mistar kvantum som følge av overgangen.

7.4 Nye kvotefaktorer og kvotetak

Pelagisk Forening er i mot samanslåing, men dersom det likevel blir samanslåing meiner me at dette ikkje må føra til heving av kvotetak.

8 Strukturordning

Pelagisk Forening er einige i at regelverket for strukturkvoteordningar blir vida-reført, og har heller ikkje innvendingar mot forslag om endring til omgrepet «strukturkvotefaktor».

8.5 Forslag om strukturering av utskiftingsløyve.

«Vi ber om høringsinstansenes syn på om oppgivelse av en utskiftningstillatelse bør likestilles med at fartøy trekkes ut av fiske i forbindelse med bruk av strukturkvoteordningen.»

Pelagisk Forening er einig i dette forslaget.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Først vil Pelagisk Forening gje uttrykk for at mange av dei foreslåtte endringar ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd, eller konsekvensane ikkje er utgreidd i det heile tatt.

Dette er eit brot på Stortinget sitt vedtak.

Direktoratet skriv at «Når det gjelder sammenslåing av ringnot, pelagisk trål og nordsjøtrål og makrell kystnot og garn/snøre er det identifisert en del problemstillinger som må avklares.» Pelagisk Forening stiller spørsmål ved kvifor slike avklaringar ikkje er gjort før saka blei sendt på høyring?

Konklusjonen blir at samanslåing, utan tilstrekkeleg konsekvensutgreiing, er brot på Stortinget sitt vedtak. Samanslåing kan difor ikkje gjerast.

Bergen: 29.3.22.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar